



Arkivnr: 2014/505-2

Saksbehandlar: Lise Fauskanger Ådlandsvik

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|-------------------------------|--------|------------|
| Utval for miljø og samferdsel | | 28.04.2016 |
| Fylkesutvalet | | 19.05.2016 |
| Fylkestinget | | 14.06.2016 |

Årsmelding for fylkesvegane i Hordaland og Bergensprogrammet

Samandrag

Fylkeskommunen er ein stor vegeigar med nær 3000 km fylkesveg. Det er også i år utarbeidd ei eiga årsmelding for fylkesvegane i Hordaland utanom Bergen, inkludert drift og vedlikehald på heile fylkesvegnettet, i tillegg vert årsmeldinga for Bergensprogrammet 2015 lagt fram for fylkestinget.

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek Årsmelding til Bergensprogrammet 2015 og Årsmelding for fylkesvegane i Hordaland 2015 til orientering.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

- 1 Årsmelding for Bergensprogrammet 2015
- 2 Årsmelding for fylkesvegane i Hordaland 2015

Fylkesrådmannen, 08.04.2016**Bakgrunn**

Fylkeskommunen er ein stor vegeigar med nær 3000 km fylkesveg. Det er også i år utarbeidd ei eiga årsmelding for fylkesvegane i Hordaland utanom Bergen, inkludert drift og vedlikehald på heile fylkesvegnettet, i tillegg vert årsmeldinga for Bergensprogrammet 2015 lagt fram for fylkestinget.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Når det gjeld Årsmeldinga for fylkesvegane i Hordaland utanom Bergen så har fylkesrådmannen nokre særlege kommentarar. Det første gjeld utbygging av gang- og sykkelvegar, under Programområda. I 2015 var det her løyvd 9 mill. kr., og resultatet viste eit mindreforbruk på 7,6 mill. kr. Over tid har ein sett at det er relativt få gang- og sykkelprosjekt som er løfta fram, og bygd, i Hordaland utanom Bergen.

Fylkesrådmannen ser at dette er eit område/tiltak som i større grad bør løftast fram. Ikke minst nær regionale sentra.

Det andre fylkesrådmannen vi trekkje fram er innanfor drift og vedlikehaldet. I 2015 viser rekneskapet eit meirforbruk på driftskontraktar på 80 mill. kr. Mindreforbruk på 4 mill. kr. på vedlikehald skuldast at vegvesenet har halde att for å redusere avviket på drift og vedlikehald samla sett. Avviket på drift har ulike grunnar: Om lag 19 mill. kr. skuldast feilføringar i Statens vegvesen. Kostnader som burde vore ført på standardheving er ført på drift, då arbeidet har vore utført gjennom driftskontraktane. Statens vegvesen oppdaga dette for seint til at det kunne korrigera i rekneskapen for 2015. Omlag 31 mill. kr. av meirforbruket på driftskontraktane er innan driftsområdet Stor-Bergen. Pr 1. september overtok Stor-Bergen vegdrift ANS driftsansvaret frå Mesta. Dette medførde ein del ekstrakostnader, mellom anna sluttoppgjer og eldre fakturaer frå Mesta.

Andre årsaker til auka kostnader var større saltforbruk enn venta vinteren 2015 og uveret Nina i januar 2015 (15-20 mill. kr). Opprydding etter ras på Fanafjellet og Osterøy var andre kostnader som kom i tillegg.

Fylkesrådmannen ser alvorleg på så store overskridinger. Statens vegvesen har foreslått fleire tiltak for å redusera tilsvarende avvik i framtida. I tillegg vil Statens vegvesen rapportera meirforbruk til fylkeskommunen på eit tidlegare tidspunkt.